

I e-post dagsett 21. oktober 2021 kjem representant Høgli (MDG) med eit oppfølgingsspørsmål til spørsmål om Klostergaten stilt til SAMO-møtet 8. september. Høgli skriv:

Viser til spørsmål jeg stilte i SAMO 8. september i år om muligheten for å fjerne noen parkeringsplasser i Klostergaten i Bergen, en gate med mange myke trafikanter. Svaret jeg fikk, ga en detaljert gjennomgang av hvilke prosedyrer som måtte følges for eventuelt å få fjernet noen parkeringsplasser, men ikke noe om det var aktuelt å sette i gang en slik prosess.

Det er helt klart en stor prosess å fjerne alle parkeringsplassene og bygge om fortau. Men det kan settes i verk strakstiltak ved at parkeringsplassene i den delen av gaten som har smalest fortau, blir fjernet. På den måten blir det mulig for barnevogner og rullestoler å ferdes uten å måtte snike seg ut i gaten mellom parkerte biler for å komme forbi steder der trappene okkuperer størstedelen av fortauet. [...]

Spørsmål:

- Vil fylkeskommunen sette i gang en prosess for å få fjernet parkeringsplassene i Klostergaten?
- Vil fylkeskommunen sette i verk strakstiltak som sikrer fremkommelighet i det mest utsatte området?

Svar frå avdelingsdirektøren

Avdelingsdirektøren syner til svaret på Høgli sitt førre spørsmål om saka, til SAMO-møtet i september. Her stod det mellom anna:

[...] Området er i dag regulert som bustadsoneparkering. Om fylkeskommunen ønskjer å fjerne parkeringsplassar er det naudsynt med avklaringar mot bymiljøetaten i kommunen for å sikra at bustadsona har tilstrekkeleg med parkeringsplassar. Det er parkering for rørslehemma i gata i dag. Omsynet til dette og varelevering må takast i vare. [...]

Det er ulike variantar av tilrettelegging for mjuke trafikantar som kan tenkast i Klostergaten. Etablering av nytt/utvida fortau i Klostergaten lyt greiast ut nærmere, og i samråd med planavdelinga i Bergen kommune. Per dags dato ligg det ikkje føre aktuelle planar eller løyingar for tiltak på denne strekninga. Fjerning av den langsgåande parkeringa i Klostergaten heilt eller delvis er også moglege alternativ, som begge krev nærmere vurderingar, fordi parkeringsplassane inngår i den nemnte bustadsoneparkeringa. Fjerning av all parkering vil truleg også få innverknad på fartsnivået gjennom Klostergaten. Gjennom slike vurderingar kan ein også finna om det er mogleg å leggja til rette for langsgåande parkering med manøvreringsareal framfor trapper/innsnevra fortausareal som eit strakstiltak. Manøvreringsarealet er eit avsett areal mellom parkeringsplassane der det ikkje skal parkerast, og som vil gi fotgjengarane meir rom i tronge knip. Ved etablering av manøvreringsareal vil talet parkeringsplassar i gata verte redusert noko. Dette vil sjølv sagt vera mindre inngripande i den samla parkeringskapasiteten i bustadsonen, men det er likevel naudsynt å sjå nærmere på om dette let seg gjera.

Avdelingsdirektøren vil ta initiativ til å vurdera tiltak som kan bidra til eit betre tilbod til mjuke trafikantar i Klostergaten. Me vil saman med bymiljøetaten i Bergen kommune sjå nærmere på om fjerning av parkeringsplassar er mogleg og tenleg for å sikra reell betring i framkome og trafikksikkerheit for mjuke trafikantar på kortare og lengre sikt.